



Saksframlegg

Stevning fra Parat mot Søgne kommune - Partsrepresentant

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
70/17	Kommunestyret	22.06.2017

Rådmannens forslag til vedtak:

Kommunestyret tar KS-advokat Frode Lauareid sitt notat av 15.06.2017 til orientering og ber ordføreren følge hans anbefaling.

Bakgrunn for saken:

Det vises til tidligere orientering om at kommunen har mottatt stevning fra Parat. I kommunestyrets møte 24.05.2017, under behandlingen av sak P51/17, ønsket Ordføreren å få et råd om hvem hun burde delegerer rollen som partsrepresentant for kommunen til. Det ble delt ut et notat knyttet til dette. Etter som notatet ikke var meldt inn på forhånd, ble saken ikke tatt opp til behandling i møtet. I et senere formannskapsmøte ba ordføreren om en vurdering/uttalelse fra KS-advokatene.

Saksutredning:

KS advokat Frode Lauareid har i et notat datert 15.06.2017 redegjort for hvilke lovbestemmelser som gjelder på området og rettsavgjørelser knyttet til dette. Advokatens anbefaling til kommunen er som følger:

«Etter mi vurdering treng ikkje kommunestyret gjera noko i denne saka. Det er fordi kommunestyret nå delegeringsreglementet vart vedtatt, sa at vedtakskompetansen i saker som dette er lagt til rådmannen.

Skulle kommunestyret likevel vilja sei noko om delegering av lovleg stedfortredar, så er det mitt råd at dette blir delegert til rådmannen. Eg som prosessfullmektig har ikke behov for noko slik delegering. Det vil heller ikkje retten ha. Dette løyser eg på same måte som eg pleier, at rådmannen blir meldt inn som såkalla partsvitne etter tvistelove §24-6 andre ledd.»

Notatet vedlegges i sin helhet.

Rådmannens merknader:

Rådmannen har ingen ytterligere merknader.

Vedlegg:

- 1 Rettslig representant - lovlig stedfortreder og prosessfullmakt i rettsak der kommunen er part



Fra:	Frode Lauareid	Dato:	15.06.2017
Til:	Søgne kommune - Kommunestyret	Dokument nr:	17/00584-7

OM RETTSLEG REPRESENTANT, LOVLEG STEDFORTREDAR OG PROSESSFULLMAKT I RETTSSAK DER KOMMUNE ER PART

Eg viser til at formannskapet i Søgne kommune bad om at eg laga eit notat der eg gir mine råd til kommunestyret om korleis kommunen skal ordna seg i søksmål som er tatt ut mot kommunen for Kristiansand tingrett i sak 17-081475TVI-KISA/29.

Denne saka starta med at kommunen vart varsla av ein advokat i fagforeininga Parat om at to tilsette i kommunen vurderte å ta ut søksmål mot kommunen med krav om erstatning for påstått brot på mellom anna arbeidsmiljølov og personopplysningslov. Dette gjekk på det psykososiale arbeidsmiljøet, spørsmål om oppseiing og forvaltning av personopplysningar.

Rådmannen tok då kontakt med meg med spørsmål om eg kunne bidra til å svara opp dette prosessvarselet. Det svara eg ja til og starta arbeidet med å utforma eit svar. Undervegs deltok eg via nett i eit formannskapsmøte der eg orienterte om saka.

Motparten fekk til svar at kommunen ikkje såg grunnlag for ansvar. Motparten svarte på dette med å ta ut søksmål, der eg var ført opp som prosessfullmektig for kommunen. Kristiansand varsla meg om søksmålet og gav frist til 14. juni 2017 med å gi tilsvar. Tilsvar er gitt inn med påstand om frifinjing og at kommunen vert tilkjent sakkostnader. I tillegg har kommunen påstått deler av søksmålet avvist fordi ein meiner dette høyrer heime i Arbeidsretten, og også at søksmålet må delast i to sjølvstendige saker.

Så langt har eg opptrett som prosessfullmektig for kommunen i denne saka. Prosessfullmakta har eg fått av rådmannen ved at han engasjerte meg. At rådmannen kan engasjera advokat i personalsaker følgjer av delegeringsreglementet i Søgne kommune. I delegeringsreglementet til Søgne kommune, som vart vedtatt 15. desember 2016, er det sagt at ansvaret for personalforvaltninga er lagt til rådmannen:

«Rådmannen har myndighet til å tilsette i alle stillinger der slik myndighet ikke er lagt til andre ved lov, reglement eller ved vedtak i kommunestyret og til å treffe avgjørelser i personalsaker, jfr. kommunelovens § 24 nr.1.»

Det er for så vidt i tråd med det som er lagt opp til etter kommunelova, sjå også § 23 nr 1. Både rådmannen og organ overordna han kan når som helst ta frå meg dette oppdraget og setja ein annan advokat på saka, med unntak for det tilfellet at dette fører til at hovudforhandlinga i tingretten må utsetjast og kommunen ikkje har gode grunnar for advokatskifte. Då kan tingretten nekta dette.

Sjølv om det er rådmannen som i det praktiske har avgjerdskompetanse i denne saka, så går saka formelt med Søgne kommune ved ordføraren som part. Dette er fordi ordførar er rettsleg representant for kommunen. Det å vera rettsleg representant betyr at dersom ordførar får melding

om ei sak som står for domstolane, så vert det rekna som forkynt for kommunen når ordførar har fått denne meldinga. Er det frist for å reagerer på det som retten melder om, så startar denne fristen å gå når dette er gjort kjent for ordførar. Dersom retten tar kontakt med andre i kommunen, så er det det same som at meldinga ikkje er kommen til kommunen. Det einaste unntaket frå dette er om meldinga kjem til advokaten til kommunen. Grunnen til dette er at advokaten har prosessfullmakt og i prosessfullmakta inngår å kunna motta forkynningar på vegner av kommunen og også utføra prosesshandlingar for kommunen. Prosesshandlingar er å gi inn tilsvar, anka saker og inngå forlik.

Verken ordførar eller advokat har gjennom det å vera rettsleg representant og ha prosessfullmakt rett til å bestemma noko på vegner av kommunen. Det er det berre den i kommunen som har vedtakskompetanse i den aktuelle saka som kan. Dette var tema i ei sak for Høgsterett i 2008, Rt-2008-849. Høgsterett sa dette om rettsleg representant:

(45) Spørsmålet om hvem som kan opptre som stedfortreder for kommunen i søksmål, reguleres av kommuneloven § 9 nr. 3 og domstoloven § 191. Ved vedtakelsen av tvisteloven ble det i § 2-5 inntatt en henvisning til domstoloven § 191.

(46) Etter kommuneloven § 9 nr. 3 er det ordføreren som er kommunens «rettslige representant». Dette innebærer at dersom det ikke finnes særlig hjemmel for annet, er det ordføreren som opptrer på kommunens vegne i rettssaker. Det samme følger av tvisteloven § 2-5, jf. domstoloven § 191, som bestemmer at ordføreren er kommunens «stedfortreder». Dette gjelder selv om søksmålskompetansen tilligger et annet organ enn kommunestyret eller formannskapet. Stedfortrederens oppgaver reguleres av tvisteloven § 2-3 første ledd. Etter denne bestemmelse «ivaretar stedfortreder alle partens rettigheter og plikter i rettssaken». Dette omfatter blant annet valg av prosessfullmektig, jf. Schei mfl., Tvisteloven, Bind I, 2007, side 134. Bestemmelsen viderefører tidligere gjeldende rett.

(47) Det kan imidlertid være grunn til å understreke at det forhold at ordføreren er kommunens stedfortreder, ikke gir ham noen selvstendig beslutningskompetanse. Som stedfortreder er ordføreren rettslig forpliktet til å utføre de prosesshandlingene som måtte bli besluttet av det organ som har kompetansen til å beslutte å reise søksmål og å anvende rettsmidler. Ordføreren har ikke noen myndighet til å overprøve de beslutninger som det kompetente organ måtte ha fattet.

(48) Etter tvisteloven § 2-5 andre ledd kan stedfortrederkompetansen delegeres - her innebærer tvisteloven en endring i forhold til tvistemålsloven, se Schei mfl., samme verk, side 130. I barnevernsaker kan det være hensiktsmessig å delegerer stedfortrederkompetansen til lederen av barnevernadministrasjonen. Så lenge stedfortrederkompetansen ikke er delegert, er det ordføreren som er stedfortreder også i barnevernsaker, jf. NOU 2005:9, side 50 og Innjord i Tjomsland (red.), Barnevern og omsorgsovertakelse, 2. utgave 2003, side 165.

På same måte som det i barnevernsaker er hensiktsmessig å delegera dette til leiar av barnevernet, kan det vera hensiktsmessig å delegera stedfortredarkompetanse i personalsaker til rådmannen.

I praksis er dette sjeldan noko problem. Retten spør vanlegvis ikkje etter kven som er rettsleg representant. Det retten må vita er om den som sit ved sida av advokaten i retten er lovleg stedfortredar/partsrepresentant eller såkalla partsvitne etter tvistelova § 24-6 andre ledd:

(2) Et vitne som i vesentlig grad bistår eller har bistått en part i det forhold saken gjelder, tillates i alminnelighet å følge hele forhandlingen når parten begjærer det.

I Tore Schei m.fl. sine kommentarar til tvistelova, er denne regelen grunngeve slik:

«Lovgrunnen er at i tilfeller hvor parten eller stedfortrederen ikke selv har truffet alle avgjørelser om det saken gjelder, vil parten eller stedfortrederen ofte ikke ha full oversikt over saken. For at en slik part skal stilles likt med en part som har truffet alle avgjørelser selv, er det viktig at en av dem som har behandlet saken får følge hovedforhandlingen i sin helhet.»

Eg har alltid brukt sistnemnde variant. Då er det ikkje behov for delegering av stedfortredarkompetanse. Avgjerande då er kva som er fastsett i delegeringsreglementet i kommunen. Det var også tema i den høgsterettsaka som eg har vist til ovanfor.

(29) Dersom det ikke finnes særlig hjemmel for annet, må spørsmålet om hvem som har kompetanse til å beslutte å reise søksmål og å anvende rettsmidler på vegne av kommunen, avgjøres på grunnlag av kommunelovens kompetanseregler. Etter kommuneloven § 6 er kommunestyret kommunens øverste organ og treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak. Bestemmelsen omfatter blant annet kompetansen til å beslutte å reise søksmål eller å anvende rettsmidler på kommunens vegne, jf. Bernt og Overå, Kommuneloven med kommentarer, 3. utgave 2001, side 71 og Skoghøy, Tvistemål, 2. utgave 2001, side 184. Dette betyr imidlertid ikke at slike vedtak alltid eller vanligvis blir truffet av kommunestyret. I mange kommuner er kompetansen til å beslutte å reise søksmål og å anvende rettsmidler på kommunens vegne delegert til formannskapet, og selv om det ikke foreligger slik delegasjon, vil slike vedtak i praksis ofte bli truffet av formannskapet i medhold av formannskapets «hastekompetanse», jf. kommuneloven § 13.

(...)

(36) I hvilken utstrekning X kommunestyres kompetanse etter kommuneloven er delegert, fremgår av kommunens delegasjonsreglement av 26. juni 1997. Dette inneholder ingen bestemmelser som eksplisitt omtaler kompetansen til å reise søksmål og å anvende rettsmidler. I medhold av kommuneloven § 13 er det imidlertid i delegasjonsreglementet § 9 fastsatt at formannskapet «gis myndighet til å treffe vedtak i hastesaker som skulle ha vært avgjort av kommunestyret eller annet politisk organ, når det er nødvendig at vedtak treffes så raskt at det ikke er tid til å innkalle disse». Siden fristen for å påanke en rettsavgjørelse er én måned, vil beslutninger om å påanke rettsavgjørelser på vegne av kommunen i praksis stort sett alltid måtte treffes av formannskapet etter delegasjonsreglementet § 9. Så sjelden som kommunestyret møtes, vil det samme i stor grad måtte antas å gjelde for beslutninger om å gå til søksmål.

(37) For barnevernsaker bestemmer delegasjonsreglementet § 30:

«Administrasjonen gis myndighet til å treffe vedtak i medhold av barnevernloven.»

(38) *Selv om formålet med denne bestemmelsen først og fremst må antas å være å avklare hvorvidt det overordnede ansvar for barnevernet skal tilligge barnevernadministrasjonen eller et folkevalgt organ, kan bestemmelsen etter flertallets oppfatning ikke være begrenset til dette. Kommunens adgang til å bringe vedtak av fylkesnemnda for sosiale saker inn for retten, reguleres av barnevernloven § 7-24. En beslutning på vegne av kommunen om å bringe et fylkesnemndsvedtak inn for retten vil således være et «vedtak i medhold av barnevernloven». Det samme gjelder en beslutning om å påanke en rettsavgjørelse i en barnevernsak. Da delegasjonsreglementet ikke inneholder noen eksplisitt bestemmelse om kompetansen til å anlegge søksmål og å anvende rettsmidler på kommunens vegne, finner Høyesteretts flertall at reglementet § 30 bør tas på ordet, slik at den også omfatter søksmåls- og ankekompetansen i saker etter barnevernloven. Slike saker er i liten grad egnet til å bli behandlet av kommunestyret, og når delegasjonsvedtaket inneholder en delegasjonsbestemmelse som etter sin ordlyd også omfatter søksmåls- og ankekompetanse i barnevernsaker, er det naturlig å forstå bestemmelsen i samsvar med ordlyden. Hvis kommunestyret ikke har ment å delegerer søksmåls- og ankekompetansen til lederen av barnevernadministrasjonen, kan dette lett presiseres ved en endring av delegasjonsreglementet. På tilsvarende måte kan kommuner som måtte ha basert seg på at søksmåls- og ankekompetansen i barnevernsaker tilligger barneverntjenesten i medhold av barnevernloven § 2-1, etter denne dommen gjøre de nødvendige presiseringer i delegasjonsreglementet.*

Status i Søgne er etter mi vurdering lik det som var status i nemnde høgsterettssak. Kommunestyret i Søgne har vedtatt i delegeringsreglementet at rådmannen "har myndighet til å ... treffe avgjørelser i personalsaker, jfr. kommunelovens § 24 nr.1." Kommunestyret har ikkje avgrensa mot rettssaker. Då er det etter dette rådmannen som i Søgne kommune som handterer rettssaker på personalområdet, sjølv om saka formelt går ved ordføraren.

Dette kan kommunestyret sjølv sagt endra, men i så tilfelle er det mest ryddig å gjera dette gjennom å endra delegeringsreglementet til kommunen.

Tilråding til kommunestyret

Etter mi vurdering treng ikkje kommunestyret gjera noko i denne saka. Det er fordi kommunestyret når delegeringsreglementet vart vedtatt, sa at vedtakskompetansen i saker som dette er lagt til rådmannen.

Skulle kommunestyret likevel vilja sei noko om delegering av lovleg stedfortredar, så er det mitt råd at dette blir delegert til rådmannen. Eg som prosessfullmektig har ikkje behov for noko slik delegering. Det vil heller ikkje retten ha. Dette løyser eg på same måte som eg pleier, at rådmannen blir meldt inn som såkalla partsvitne etter tvistelova § 24-6 andre ledd.

Helsing,

Frode Lauareid